

# **Referat frå styremøte**

Møtet blei gjennomført som telefonkonferanse 20.01.06 kl. 14.00-15.15

## Deltakarar

- Dag Atle Lysne, leiar
- Svein Hoff, styremedlem
- Siv Almendingen, styremedlem
- Merete Økland, varamedlem

## **Saksliste:**

- Godkjenning av innkalling og saksliste.
- Saker til eventuelt
- Oppsummering av diskusjonen knytta til nasjonale prøvar.
  - Anbefalingar frå NNN til Naturfagsenteret
- Status arbeid opp mot direktoratet for å setje NNN på kartet som høyTINGSinstans.
- Ny diskusjon, korleis skape meir aktivitet frå starten av, og når skal neste diskusjon starta og med kva for eit tema?
- Svar frå Jørn Nyberg og dei avgrensingar han stiller opp i forhold til aktiviteten i kompetansenettverket.
  - Tilbakemeldinga frå Jørn er vedlagt
  - Kva gjør me for å initiere undersøkingar som kompetansenettverket ikkje tar.
- Opprette ein egen fagplansmodul under ressurslenka på heimesida?
  - Sjå diskusjon på e-postlista – Erling Skaar
- Eventuelt

## Godkjenning av møteinnkalling og saksliste.

Møteinnkalling og saksliste blei godkjent.

# Saker til eventuelt.

- a) Naturfagkonferansen til hausten, innsgiving av bidrag
- b) Vikar for leiar medan han er på studieopphald i Australia

## Sak 1-06: Oppsummering av diskusjonen knytta til nasjonale prøvar.

Styret diskuterte først problema med å få i gang ein diskusjon blant medlemmane i nettverket. Førre diskusjon om nasjonale prøvar viste at medlemmane hadde lettare for å koma med innspel då styret kom med si tolking av meininga hos medlemmane, og då det kom eit fyldig innspel frå ein av medlemmane i nettverket der ulike argument blei lagt fram.

Diskusjonen viste at det er ulike meiningar blant medlemmane i forhold til nasjonale prøvar. Den nye regjeringa har foreløpig lagt dei nasjonale prøvane på vent. I følgje Anders Isnes kan direktoratet koma tilbake igjen med nasjonale prøvar, men dei vil då vera frivillige og resultata blir ikkje offentleggjorde.

Fleire av medlemmane er positive til frivillige prøvar som kan fungere som læringsstøtte og som hjelp i vurderinga i naturfag. Anders Isnes har gjeve signal tidlegare om at Naturfagsenteret kan ta på seg arbeidet med å lage slike prøvar. Styret i NNN vedtok derfor at det blir sendt eit brev til Naturfagsenteret der dei gjer uttrykk for et ynskje om at det blir utvikla naturfagprøvar for 2, 4, 7 og 10 trinn som lærarane i naturfag kan bruke som støtte i undervisning og vurdering. Visst det blir utikla slike prøvar kan dei leggjast fram som diskusjonstema for naturfagnettverket. Dag Atle skriv dette brevet til Naturfagsenteret og Svein følgjer opp saka medan Dag Atle er på studieopphald.

## Sak 2-06. Status arbeid opp mot direktoratet for å setje NNN på kartet som høyringsinstans.

Ansvaret for denne saka ligg hos Dag Atle, men han har ikkje hatt høve til å arbeida med dette. Dag Atle vil prøve å få tak i Trond Storaker i direktoratet, og vidare sende brev til direktoratet før han reiser på studieopphald.

## Sak 3-06. Ny diskusjon, korleis skape meir aktivitet frå starten av, og når skal neste diskusjon starta og med kva for eit tema?

Det neste tema som styret hadde vedtatt å diskutere var: *Mastergrad i naturfag, eventuell samordning av innhald og tilbod*. Både høgskulane i Nesna og i Bergen arbeider med Mastergrad relatert til naturfag og både Siv og Svein syntest at dette ikkje var rette tida for ein slik diskusjon. Diskusjonen blei difor utsett til hausten når Høgskolen i Nesna har fått svar i frå NOKUT på søknaden om å få starte Mastergrad i profesjonsutdanning.

Sak 4-06. Svar frå Jørn Nyberg og dei avgrensingar han stiller opp i forhold til aktiviteten i kompetansenettverket.

Bruk av EVU-midlar til naturfag var det neste diskusjonstemaet på lista til styret. Jørn Nyberg blei kontakta for å sondere om kompetansenettverket skulle kartleggje bruken av ekstra midlar til EVU. Det viste seg at det skulle ikkje kompetansenettverket gjera, og styret blei einige om å vende seg til Naturfagsenteret i staden. Erfaring ein av styremedlemmane har gjort er at eit fylket fokuserer berre på teknologi og design og ikkje dei andre hovudområda i den nye naturfagplanen. Medlemmane i NNN vil bli orientert om at styret tar ein slik kontakt med naturfagsenteret, og dei blir oppmoda til å sjekke stoda i eige fylke. Det er viktig å arbeide med denne saka no sidan det er no det er midlar til EVU. Siv og Svein fylgjer opp denne saka med bidrag i frå dag Atle.

Sak 5-06. Opprette ein egen fagplansmodul under ressurslenka på heimesida? Sjå diskusjon på e-postlista – Erling Skaar

Svein søker på nettet etter fagplanar i naturfag frå dei ulike lærarutdanningane i landet. Desse lenkar han opp til NNN sin nettstad. Svein tar kontakt med Erling Skaar om at dette blir gjort, sidan Erling etterlyste dette.

Sak 6-06. Naturfagkonferansen til hausten, innsending av bidrag

Dag Atle meiner at ein halv dag av naturfagkonferansen til hausten burde vore sett av til innsendte bidrag. Dette vil vise kor mange av lærarane på naturfag som synest dei har noko bra å vise fram. I tillegg så får folk trening i å presentere eige arbeid for eit mindre publikum. Dette var styret einig i, og det blir tatt med i brevet som går til Naturfagsenteret.

Sak 7-06. Vikar for leiar medan han er på studieopphald i Australia

Styreleiar Dag Atle skal på studieopphald i Australia frå 1.febr. til 15.mai. Nestleiar Svein overtar som styreleiar i denne perioden. Dag Atle vil delta på styremøta i NNN i denne perioden visst han får høve til det.

Merete Økland

Referent (sign)